

# Handlingsplan for internasjonalisering 2015-2017



**Hovudmål 1:** HVO skal ta aktivt del i EU-programma for utdanning, forskning og innovasjon, samt nordiske og nasjonale satsingar knytt til internasjonaliseringsfeltet.

Tiltak	Ansvar	Frist
Internasjonalt kontor skal vere eit kompetansesenter for internasjonale utdanningsamarbeid (t.d. Erasmus-, Nordplus-, og nasjonale program) - og støtte initiativ frå fagmiljø om deltaking i slike program.	Int. kontor	2015
HVO skal etablere eit Nordic Master-program i religion (Children of Abraham).	Avd. Studieadm	2017
HVO skal aktivt involvere seg i det nye Erasmus+ programmet og ha mål om å delta i 3 Strategiske Partnerskap i neste toårsperiode.	Avd Int. kontor	2017
HVO skal støtte opp om deltaking i internasjonale forskingsnettverk og informere/mobilisere fagmiljøa til å søkje om forskingsmidlar gjennom internasjonale program som t.d. Horisont 2020 (det nye europeiske forskingsprogrammet).	Avd FOU	Fortløpande
HVO skal ta del i det noverande EU forskingsprogrammet FP7 gjennom HERA programmet 'Cultural Encounters', der vi har partnarar i Finland, Nederland, Slovenia og Storbritannia. HVO skal arrangere forskingsseminar for dette EU prosjektet i 2015.	Prorektor	Fortløpande til 2016
HVO skal legge grunnen for framtidige fellesgrader ved å etablere fleire engelskspråklege emne på masternivå og knytte sterkare band til relevante samarbeidsuniversitet.	Avd. Int. kontor	2017
HVO skal utvikle internasjonale samarbeid innan nettbasert undervisning slik at det ikkje alltid er naudsynt med fysisk mobilitet for å kunne delta i ein internasjonal læringsarena.	Avd	2017

**Hovudmål 2:** HVO skal gi studentane den kompetansen som arbeidslivet etterspør og legge til rette for relevant arbeidspraksis for lokale og internasjonale studentar.

Tiltak	Ansvar	Frist
HVO skal tilby utdanning som møter dei krav til språk- og kulturkompetanse, samt annan internasjonal erfaring, som arbeidslivet etterspør.	Avd. KEV	Fortløpande
HVO skal tilby eit praksisemne for internasjonale studentar som gir relevant arbeidspraksis i kombinasjon med studium ved HVO.	Avd Int. kontor	2015
HVO skal auke talet på lokale studentar som tek arbeidsrelevant praksis i utlandet gjennom Erasmus+ frå ca. 10 til 30 per skuleår.	Int. kontor	2017
HVO skal gjennom Erasmus+ Strategiske Partnerskap, knytte band til spesielt relevante organisasjonar i arbeidslivet i inn- og utland.	Avd, VRI Int. Kontor	2017

**Hovudmål 3:** HVO skal arbeide for å vidareutvikle eksisterande, og ta del i nye, solidariske samarbeidsprosjekt med institusjonar i sør.

Tiltak	Ansvar	Frist
HVO skal ha fokus på å etablere og vedlikehalde solidariske samarbeidsprosjekt og søke deltaking i nye prosjekt som vert koordinert av Fredskorpset, Norad, og andre.	Avd	2017
HVO skal styrke kontakta med institusjonar vi samarbeider med under Kvoteordninga, og betre søkinga til kvoteplassane ved HVO.	Int. kontor Avd	2015
Internasjonalt kontor skal vere eit kompetansesenter for Kvoteordninga og Erasmus sitt kapasitetsbyggingsprogram for samarbeid med institusjonar i sør.	Int. kontor	2016

**Hovudmål 4:** HVO skal vidareutvikle samarbeid med institusjonar i utlandet for å gjere internasjonale partnerskap betre og meir relevante for studentar og tilsette.

Tiltak	Ansvar	Frist
HVO skal vurdere og prioritere samarbeid og satsingar med tanke på relevans og gi eit fåtal samarbeidsinstitusjonar status som <i>nære partnerskap</i> .	Int. kontor Avd	2015
HVO skal ha fokus på samarbeid med institusjonar i Europa, Nord-Amerika, Russland, India og Kenya/Tanzania.	Avd Int. kontor	2017
HVO skal fortsette med å etablere avtalar med institusjonar som tilbyr masterprogram som våre studentar kan nytte til påbygging.	Avd Int. kontor	Fortløpande
HVO sine Bachelor- og Masterprogram skal definere eit fåtal institusjonar som studentar og tilsette blir oppmoda om å utveksle til.	Avd	2015
HVO skal styrke samarbeidet med Cardiff University for vidare kvalitetssikring og utvikling av våre mastertilbod og det komande Ph.D.- tilbodet innan sosialfag.	Avd	2015
Kvar avdeling på HVO bør inngå minst ein samarbeidsavtale som også omfattar FOU med ein utanlandsk institusjon på sine sentrale fagområde.	Avd FOU	2017
HVO skal styrke internasjonalisering av lærarutdanningane ved å knyte seg til sterke fagmiljø i utlandet som kan bidra med gjesteforelesarar eller moglegheiter for student- og praksismobilitet for lokale studentar.	Avd	2016

**Hovudmål 5:** HVO skal vidareutvikle og styrke emnetilbodet retta mot internasjonale studentar.

Tiltak	Ansvar	Frist
Alle Bachelor- og Masterprogram skal ha eit engelskspråkleg emnetilbod på 15 stp. per studieår.	Avd	2017
HVO skal fortsatt tilby engelskkurs for administrativt og vitenskapleg tilsette og jobbe for å etablere ei delstilling for språkvask og omsetjing.	Avd Int. kontor	2017
HVO skal utvikle eit engelskspråkleg emne i Bachelorgraden «PR, kommunikasjon og media».	Avd	2016
Internasjonalt kontor skal, ved økonomisk støtte til nye emnetilbod på engelsk, prioritere emne som også er populære for lokale studentar og difor mindre sårbare for svingingar i søkartilstrøyming frå internasjonale studentar.	Int. kontor	Fortløpande

**Hovudmål 6:** HVO skal vidareutvikle arbeidet med internasjonal mobilitet for studentar og tilsette og knyte utveksling tettare til læringsutbyttet i studieprogramma og FOU-aktivitet ved HVO.

Tiltak	Ansvar	Frist
HVO skal spesielt jobbe med å auke talet på innreisande utvekslingsstudentar i vårsemesteret.	Int. kontor Avd	2016
Fagmiljøa skal legge til rette for språkleg trening for internasjonale studentar som tek studium på norsk.	Avd	2017
HVO skal, i samarbeid med studentorganisasjonane, inspirere lokale studentar til delstudium i utlandet. Internasjonalt kontor skal halde regulære informasjonsmøte om utveksling for alle studieprogram og betre nettsidene om utveksling.	Avd Int. kontor STiV	2015
HVO skal betre og klargjere administrative prosedyrar knytt til utveksling frå rettleiing (før avreise) til godkjenning (etter heimkomst).	Avd Int. kontor	2015
HVO skal arbeide for auka utveksling av lærarkrefter.	Avd Int. kontor	2017
HVO skal synleggjere internasjonalt undervisningssamarbeid og forskning i arbeidsplanane.	Avd	Fortløpande
HVO skal styrke den internasjonale konferanseverksemda og legge til rette for fagleg nettverksbygging.	Avd FOU	Fortløpande
HVO skal arbeide for betre erfaringsutveksling om internasjonal mobilitet på tvers av fagmiljø ved å halde tverrfaglege møte og etablere ein erfaringsdatabase.	Avd Int. kontor	2017

**Hovudmål 7:** HVO skal vere ein internasjonal møteplass og la alle studentar og tilsette ta del i erfaringar og kunnskap frå partnerskap og utveksling.

Tiltak	Ansvar	Frist
Alle studieprogram skal førebu studentane til arbeid og deltaking i eit fleirkulturelt samfunn.	Avd	Fortløpande
HVO skal auke engelsk informasjon på campus og gjere det enklare for internasjonale studentar, tilsette og gjestar å delta i aktivitetar i regi av høgskulen og tilslutta organisasjonar.	Avd. Int. kontor Infokontor Drift	Fortløpande
HVO skal auke bruken av internasjonale gjesteforelesarar (prioritere det for Erasmus tilsett-stipend) og knyte undervisning til internasjonal forskning og faglitteratur.	Avd Int. kontor	2017
Pangaia skal vidareutviklast som ein møteplass for lokale og internasjonale studentar.	Int. kontor	Fortløpande

**Hovudmål 8:** HVO skal gjere den internasjonale aktiviteten og dei kvalitetane vi tilbyr meir synlege for omverda.

Tiltak	Ansvar	Frist
HVO skal kartlegge den internasjonale utdanningsaktiviteten vår for å løfte fram aktivitet som skjer og lettare dra nytte av kvarandre sine kontaktar og nettverk.	Int. kontor Avd	2017
HVO skal auke engelskspråkleg innhald på nettsidene våre og utarbeide dei engelske sidene med tanke på internasjonal promotering.	Infokontoret	2016
HVO skal utarbeide ein profil av institusjonen til bruk i internasjonal marknadsføring og informasjonsarbeid.	Infokontoret Int. kontor Avd	2015
HVO sitt Internasjonalt utval skal, når det er relevant, invitere representantar frå informasjonskontoret til å delta på møta for å betre kontaktflata mellom nettsidene og internasjonal aktivitet ved HVO.	Int. kontor Infokontoret	2015